



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 14/1502 -	Doknr.:
Mottatt: 01 DES 2014	
Sjefønt:	Ark:
Kopert:	Åvskr.:

Svar på høyring - forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Vi viser til høyringsbrev av 1.10.14 om ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

Generelt om framlegget til forskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser behovet for å rydde opp i forskrifta og gjere den meir presis og direkte mot dei bedriftsretta verkemidla som Innovasjon Norge forvaltar. Likevel vil vi presisere at dei bedriftsretta verkemidla er ein del av det totale arbeidet med næringsutvikling i fylka – der fylkesmannen er tildelt ei viktig rolle som koordinator innanfor landbruk og bygdenæringar. Vi har mange eksempel på at for eksempel utgreiings- og tilretteleggingsmidla som fylkesmannen forvaltar er med på legge grunnlag for investeringar i einskilbedrifter i neste omgang. Verkemiddelbruken må sjåast i samanheng.

Kommentarar til dei einskilde paragrafane:

§ 1 Føremål:

Denne paragrafen viser føremålet med ordninga som er å legge til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping i landbruket. Det er også vist til at ordninga skal bidra til sysselsetjing, busetjing og eit variert landbruk. Fylkesmannen vil peike på at desse midla kan bidra til generasjonsskifte i landbruket og at fleire kvinner tek over gardsbruk. To av utfordringane i landbruket i dag er den låge kvinneandelen og at for få ungdommar tek over gardar. Generasjonsskifte og kvinner kan derfor gjerne nemnast i føremålet med ordninga.

§ 2 Tiltaksområde:

Fylkesmannen vil peike på at det også kan gjevast investeringsstøtte til driftsapparatet innanfor bygdenæringane, ikkje berre tradisjonelt landbruk. Forslaget til den nye forskrifta inneber at det berre kan gjevast støtte til registrerte foretak. Fylkesmannen viser til at søknader om lån som oftast vert behandla i same søknad og at pantet i eit lån er knytt til personnummer og heimelshavar til eigedommen. Dersom det er foretaket som søker om støtte og samtidig søker om lån, må det derfor opprettast tredjemannspant. Dette vil ikkje vere ei forenkling.

§ 3 Tiltaksgrupper og tilskottsnivå

I forslaget til ny forskrift er tiltaksgruppa «Andre tiltak» fjerna. I Møre og Romsdal er for eksempel lokale drivstoffanlegg finansiert gjennom «Andre tiltak». Desse tilskotta har hatt mykje å seie for dei bygdesamfunna som har fått støtta. Fylkesmannen meiner at denne

tiltaksgruppa kan vere viktig for å finansiere prosjekt i «grenselandet» mellom Innovasjon Norge sine bedriftsmidlar og fylkesmannen sine utgreiingsmidlar – prosjekt som vert utvikla i den regionale partnerskapen. Å behalde tiltaksgruppa «Andre tiltak» vil gje meir fleksibilitet regionalt.

I framlegget er det ei innskjerping i føresegna ved at støtte ikkje skal gjevast dersom tiltaket er starta opp. Fylkesmannen er einig i prinsippet her, men dette må praktiserast på ein måte slik at kundane ikkje vert skadelidande ved for eksempel lang saksbehandlingstid.

Med helsing

Anne Berit Løset (e.f.)
landbruksdirektør

Synnøve Valle

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.